
Fra: Hans Kristian Dolmen
Sendt: tirsdag 19. februar 2019 10.11
Til: 'Svein Are Furdal'
Emne: Regplan Helleåsen - planID 1263-20071903 - Førespurnad om endring
Vedlegg: Planinitiativ - Informasjon om rammer for planarbeid 150119.pdf; Planinitiativ - Naudsynt informasjon for førebuande møte 150119.docx; MAL Føresegner Regplan xxxyyzz.doc; MAL Planføresegner m-framside 281112.doc; Føresegner, revidert 24.05.2016.pdf

Hei

Me syner til dykkar førespurnad om endring av reguleringsplan Helleåsen og kan med grunnlag i motteken informasjon gje følgjande melding attende:

1. Omfanget av og innhaldet i dei endringane som er skildra er etter alt sannsyn slik at det må gjennomførast ei prosess med endring av plan etter reglane i pbl §12-8, vesentleg endring.
2. ...men for å klargjere dette ber me om at dykk arbeider dykk gjennom vedlagte mal knytt til initiativ til planarbeid. Følgjebrevet er moglegvis omfattande, men ta med det som passer i høve til kva dykk har tenkt å endre.
3. Lindås kommune har ikkje eiga MAL for reguleringsendring så i naudsynt grad ber me om at dykk tek tak i gjeldande planskildring. Me har MAL for planskildring generelt, men dei er i utgangspunktet utforma for nye planar.
4. Når det gjeld føresegnehelse arbeidar me med MAL fordi det er svært mykje forskjellig me mottek. Vedlagt er både ein tom versjon og eit døme. Etter alt sannsyn har føresegna behov for ein gjennomgang slik at det kan vere tenleg at den forbetrast? I min oversikt er gjeldande føresegns for planområdet etter mindre endring i 2016, er dette rett etter dykkar oppfatning (vedlagt)
5. Når det gjeld prosess kan me:
 - a. gjennomføre eit førebuande møte før eller etter dykk leverar «Planinitiativet for Helleåsen –Endring 2019»
 - b. viss konklusjonen er at endringa er vesentleg krevjast formelt oppstartsmøte...
 - c. ...og varsling av planarbeid med påfølgjande prosess
6. Generelt må me seie at me er avhengig av tydeleg og avklart materiale frå dykk. Lindås er på veg inn i ALVER kommune og det er mykje som skal førebuast. Planavdelinga vil i 2019 vere SVÆRT pressa på kapasitet!!

Helsing
Hans Kristian Dolmen
Rådgjevar
Lindås kommune